



5142 FYLLINGSDALEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/4139 - 14/18519

Saksbehandlar:

Merethe Tvedt

merethe.tvedt@meland.kommune.no

Dato:

27.11.2014

Høyring- søknad om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel og 100- meters beltet til sjø for oppføring av tilbygg til fritidsbustad på gbnr 6/23, 24 og 32 på Ytre Brakstad

Saka gjeld:

Det vert vist til søknad frå Einar Karlsen motteke 03.11.2014 om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel, LNF-område, og frå forbod mot tiltak i strandsona, Jf plan- og bygningslova §§ 1-8 og 19-2, for tilbygg, terrasse og veg til fritidsbustad på gbnr 6/23, 24 og 32. Eigedommen grensar til Rylandsvassdraget.

Plangrunnlag:

Eigedommen ligg i området avsett til LNF- område (landbruk-, natur- og friluftsområde) i kommuneplanen sin arealdel og innanfor 100- metersbeltet til Rylandsvassdraget. Tiltaket ligg innafør 50- meter grensa som er satt for Rylandsvassdraget.

Søknad om dispensasjon.

Søkjar har søkt om dispensasjon for tiltaket, sjå vedlegg. For grunngjeving av søknaden vert det vist til denne i sin heilhet.

Tiltakshavar har omtalt vegen som ei forlenging av eksisterande veg. Meland kommune kan ikkje finna at det tidlegare er gitt godkjenning for veg, og legg til at dispensasjonen vil gjelde heile vegtraseen.

Nabovarsling:

Naboane er varsla og det har ikkje komme merknadar.

Kommuneplan og lovgrunnlag:

Kommuneplanen sin arealdel er styrande for arealbruken og søknaden vert først vurdert i høve til den. I LNF sona i kommuneplanen skal det til vanleg ikkje gjevast løyve til tiltak som krev byggeløyve eller andre varige konstruksjonar.

Dispensasjon etter pbl kap. 1 og § 19-2

Søknaden skal vurderast opp mot omsynet bak regelen det vert søkt dispensasjon frå.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

I § 1-1 i plan- og bygningslova heiter det m.a.: *Lova skal fremja berekraftig utvikling til det beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjonar.*

Dispensasjon kan ikkje gjevast dersom omsyna bak regelen det vert dispensert frå, eller omsyna i lova sine formål, vert sett vesentleg til side. I tillegg må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene etter ei samla vurdering. Ved dispensasjon frå lova skal det leggjast særleg vekt på konsekvensar for helse, miljø, sikkerheit og tilgjenge. Det skal også leggjast særleg vekt på statlege og regionale mål.

Kommunen bør ikkje gje løyve til dispensasjon dersom statlege eller regionale mynde har uttalt seg negativt om dispensasjonssøknaden.

Førebels vurdering, vidare saksgang, høyring.

Tiltaket er tilstrekkeleg gjort greie for til at dispensasjonsspørsmålet kan vurderast.

Etter gjeldande sakshandsamingsreglar skal søknaden om dispensasjon sendast regionale styresmakter ved Fylkesmannen i Hordland – Kommunal- og samfunnsplanavd. og Hordaland Fylkeskommune – Regionalavdelinga til uttale, før det vert gjort vedtak i saka.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Merethe Tvedt
byggjesakskonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

situasjonskart
Søknad om dispensasjon for tilbygg mot Rylandsvatnet
Teikningar og kart

Mottakere:

Fylkesmannen i Hordaland	Kommunal- /samfunnsplanavde ling	5142 5020	FYLLINGSDALEN BERGEN
Hordaland Fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN